

# KONTROLLUTVALET I SKODJE KOMMUNE

## MØTEBOK

Møtedato: 9. februar 2012, kl. 16.00  
Møtestad: Rådhuset

Møtet vart leia av: Vigdis T. Bye

Elles til stades: Dag Loe Olsen, Grete Dalhaug Berg og Magnar Flaate

Dag Loe Olsen forlet møtet under behandling av sak 03/12.

= 3 voterande

Jon Ola Røstad hadde meldt forfall.

Frå Skodje kommune møtte ordførar Terje Vadset. Dessutan møtte rådmann Kjell Bjørdal og kommunalsjef Bente Glomset Vikhagen i sak 03/12.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.

Frå kommunerevisjonen møtte revisjonsrådgjevar Kurt Løvoll og revisjonsrådgjevar Svein Ove Otterlei.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

### SAK 03/12

#### MEIR OPPLYSNINGAR OM OVERSKRIDINGAR I BUDSJETTET FOR 2011 OG TILLEGGSSREKNING GJELDANDE BARNEHAGAR

Saksutgreiing datert 11.01.2012 frå kontrollutvalsekretariatet.

Rådmannen orienterte og svara på spørsmål. Meirforbruket på 10,7 mill. kroner som var førespeilla i førre møtet ligg no an til å bli halvert på grunn av inntektsføring av premieavvik. Rådmannen orienterte om overskridingar ved Prestemarka og tap på finansforvaltninga. Han svarte vidare på spørsmål om overskridingar i dei forskjellige einingane.

Han ga vidare uttrykk for at det var vanskeleg å sette i verk tiltak seint på året for å redusere forbruket og at det ville bli problem med å halde rammene også i 2012. Forsøk på å vinne budsjettbalanse har so langt blitt gjort etter "ostehøvelprinsippet".

Kommunalsjef Bente Vikhagen orienterte med utgangspunkt i si skriftlege utgreiing om regelverket innan barnehagar.

### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

1. Kontrollutvalet viser til vedtak av 23. november 2011 og ber om å bli orientert om tiltak som blir sett i verk for å skape budsjettbalanse.
2. Kontrollutvalet stiller seg kritisk til rådmannen si budsjettstyring gjennom budsjettåret.
3. Hyppigare rapportering til kommunestyret bør bli vurdert.
4. Kontrollutvalet tek orienteringa om barnehagar til orientering.

### **SAK 02/12**

#### **MØTE MED ORDFØRAR**

Saksdokument datert 11.01.2012 frå kontrollutvalsekretariatet la rammene for møtet. Tema forøvrig var økonomistyring og samarbeidslinjer.

### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet er nøgd med gjennomføringa av møtet med ordførar og vil vidareføre samarbeidet.

### **SAK 01/12**

#### **GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 23. NOVEMBER 2012**

### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå møte 23. november 2011 blir godkjent.

### **SAK 04/12**

#### **STRATEGIAR, MØTEPLAN M.M. FOR 2012**

Saksutgreiing datert 11.01.2012 frå kontrollutvalsekretariatet.

### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Saka vart utsett.

Vigdís T. Bye  
Leiar  
(sign.)

Dag Loe Olsen  
nestleiar  
(sign.)

Magnar Flaate  
medlem  
(sign)

Grete Dalhaug Berg  
medlem  
(sign.)